

«Spelemenn i solo og samspel»

Semon Harerusten

Eit skriv om Tradisjonsmusikken i Heidal

Årsoppgåve i tradisjonskunnskap ved Ole Bull Akademiet, 2024/2025



Utsyn mot gardrekkja i Heidal.

Foto: T. M. Hetland

Innhaldsforteikning

- Framside.....	1
- Innhaldsforteikning.....	2
- Problemstilling.....	3
- Føreord.....	3
- Heidal – bygda med særpreg.....	4
- Tradisjonsmusikken.....	5
- Spelemannsrekkja.....	6
- Samspelet og samdansen.....	20
- Etterord og takk.....	24
- Litteraturliste.....	26

Problemstilling

I denne teksta skal eg ta for meg tradisjonsmusikken i Heidal ved å jobbe gjennom tvo spor: Eg vil skrive om spelemenn frå Heidal, samt samle informasjon om det moderne samspelet i bygda. Frå før finns det fleire artiklar og hefte som tek for seg tradisjonsmusikken i Heidal, men eg ser det som nyttig å få samla ein del av det som er skrivi ned, samt å supplere med kunnskap eg tileignar meg gjennom intervju, og arkivvitjing.

Føreord

Underteikna er fødd og oppvaksen i Heidal, og har frå 9-10 års alder traktert ymse musikkinstrument. Interessa eller rettare sagt høvet til å sette seg inn i kva norsk folkemusikk er, kom ikkje før eg var i 16 års alderen. Då byrja eg på musikklinja på Vinstra Vidaregåande Skule, og der trefte eg fleire som både spelte og hadde brei kjennskap til norsk folkemusikk.

Det vart for det meste å henge seg på det mine medstudentar kom med av låtforslag, og det vart finnskogspols, halling og hoppvals m.m. Eg fekk lære mest musikk frå Oppdal og ifrå lomstradisjonen, då mine næraste medstudentar var Robin Morken frå Oppdal, og Iselin Anna Aukrust frå Bøverdalen i Lom. Kunnskapen om musikktradisjonen i mi eiga heimbygd har sidan berre kome som små drypp no og då. Lærarar som Tom-Willy Rustad og Vegar Vårdal skal ha takk for at dei har villa syne meg det dei kan om denne tradisjonen. Det har au vore både stas og føremålstenleg, å få vera med Mukampen Spelemannslag i ledige stundar.

Trass desse fruktbare menneskemøta, kan eg ikkje seie at eg hadde inngåande kjennskap til Heidals-tradisjonen, då eg hausten 2023 byrja på Ole Bull Akademiet. Dette kunnskapsholet har denne oppgåva vore eit prov på å tette.

Eg gjekk fyrst breitt ut og freista å finne så mykje som mogleg av informasjon kring emnet «tradisjonsmusikk i Heidal». Det vart til at eg konsentrerte meg om rekkja av tradisjonsberarar på fele, og eg har avgrensa det til berre dei som har ein fødselsdato eldre enn hundre år i år (2025). Eg skriv au om spelemannslag som har vore i bygda. Det vil nok vera opplysningar og informasjon ein sidan kjem over, og som ein så gjerne skulle sett at hadde vore inkludert i dette skrivet. Soleis vert nok dette eit skriv og prosjekt ein kan vidareutvikle heile livet.

Heidal – «Bygda med særpreg»

Heidal er ei bygd i Gudbrandsdals-kommunen Sel, i Oppland stortingsvalskrins. Dalen er forma av elva Sjøa som renn ut i Gudbrandsdalslågen. Heidal definerast som ein sidedal til Gudbrandsdalen, då Lågen er den elva som har forma Gudbrandsdalen frå Lesjaskogsvatnet i nord-vest til Lillehammer by i sør-aust. På det settet er heller ikkje Ottadalen ein del av Gudbrandsdals-dalføret. Ein operer likevel med Nord-Gudbrandalen som namn på regionen dei seks kommunane nord for Fron utgjer. Vidare vert kommunane Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu til regionen Midt-Gudbrandsdalen.



Heidal teikna inn i raudt med omland i form av Nord-Gudbrandsdalskommunane markert i grønt, og Midt-Gudbrandsdalskommunane markert med blått (det er ikkje Sør-Gudbrandsdal, som det står på teikninga).

Hovudvassdraget går altså i det parallelle dalføret i nordaust, og det same gjer i stor grad jarnbane- og motorvognferdselen gjennom regionen. Europaveg seks finns sin trasé ved sidan av Dovrebana gjennom byane Vinstra, Otta og opp til Dovrefjell og vidare til Trønderlag, medan Riksveg 15 til Stryn og Nordfjor går frå Otta vestover gjennom Ottadalen. Heidal vert

med andre ord for ein blindtarm å rekne, samanlikna med gjennomfarten dei andre bygdene i regionen har.

Heidal er som nemnt ikkje ei eiga kommune, men ein del av Sel. Det har i midlartid ikkje alltid vore slik. Gjennom formannskapslova frå 1837 vart bygda lagt inn under det som vart heitande Våge Herred. Vågåmo blei då kommunesenter fram til 1908. Heidal vart då skilt ut som eiga kommune. 1965 fekk ein eit nytt kommunesenter på Otta, då ein vart fusjonert med Sel kommune. I dag har bygda om lag 1600 innbyggjarar, og det utgjer litt under ein tredjedel av innbyggjartalet i kommunen.

Bygda har tettstadane Faulstadmo heilt sør, det gamle kommunesenteret Bjølstadmo midt i dalføret, og Leirflaten mot Randsverk og Valdresflya. Dalen krummar seg nesten 180 grader frå Sjoa-utlaupet til Murudalen øvst i Heidalen, som svingar seg sørover att frå Leirflata.

Sikkert mykje grunna den vekslande kommunestrukturen, den magre historiske gjennomfarten og den avgrensande geografien, har ein i Heidal i dag både ei sterk dialekt og ein sterk lokal identitet. Ein kan skilte med størst tettleik av freda bygg i heile landet, og lange handverkstradisjonar i form av rosemåling, veving, og lafting. Med solid bygdeestetikk og sterke handverkstradisjonar skulle ein tru at tradisjonsmusikken har grobotn for å leve og trivast.

Tradisjonsmusikken i Heidal

Bastant inndeling og avgrensing av musikktradisjonsområde har ofte lite for seg, sjølv om det kan vera freistande dersom lokalpatriotismen er stor. Eg vil nok meine at er unaturleg å seie at musikken Heidal er ein heilt særmerkt tradisjon. Bygda er, som dei andre delane av Gudbrandsdalen, ein del av ei felles musikkarv der spelemenn og slåttar heile tida har kryssa kommune- og bygdagrenser. Når eg avgrensar denne teksta til å handle om tradisjonsmusikken i Heidal, har eg gjort det ved å skrive om liv og spelemannsverksmed til dei ein kan finne rimeleg å kalla «Heidøler». Alle som står nemnt her, skal etter det eg kan skjønne, ha hatt formative, unge år i bygda.

Når det er sagt, så har likevel det å avgrense til berre å skrive om Heidal, nokre interessante sider ved seg. Skåbygg, politkar og folkemusikkinnssamlar Torger Iverstugun farta ein del i Heidal på fyrste halvdel av 1900-talet. Han var svak for tradisjonsmusikken i Heidal og Ottadalen, og meinte at den avgrensa gjennomfarten var skuld i at tradisjonen hadde heldt seg så bra. Ein anna frøning, Pål Kluften, tykte au godt om, særleg springleiktradisjonen i Heidal.

Kluften var både spelemann og journalist, og i 1920 skreiv han dette, etter eit speleoppdrag på Bødenes Hus i Heidal:

Og så er det sant at Stor-Hans Heringstad var i sin tid den sterkeste hallingdanseren, så er det iallefall sikkert og visst at heidølene kan snu seg også i våre dager. Slike springdansere! Jeg skulle gjerne reist om det var 25 mil for å se på! Så vet jeg det, at den gamle, fine gudbrandsdalske springleiken ikke er glemt. Heidølene er basen! Det var ikke 2 par, det myldret over gulvet og elegantere springleikdanser enn Torger Grosberg har jeg ikke sett. Han hadde en knakende flink jente med seg også, men tror du jeg husker navnet (Ho er sidan identifisert om Kari Aasmundstad). Denne mjuke, runde, fjørege, spretne og ville gudbrandsdalske springleiken må ikke dø ut for oss! De som virkelig kan den må lære de som vil lære. (Prestgard, 1990)

Heidalsmusikken er altså, i likskap med musikken i Ottadalen ein forholdsvis gamal og levande tradisjon. Men, medan Ottadalen i moderne tid har hatt fleire store personlegdomar som m.a. Ola Oppheim, Hans W. Brimi, Pål Skogum, og Knut Kjøk, vil eg våge den påstand at Heidal ikkje har hatt eit like stort tilfang av folkemusikkrepresentantar med same grad av kappleikssuksess og formidlingstrong. Sjølv om det absolutt har vore dugande og røynde spelemenn i Heidal au i moderne tid, kan ein vel kanskje seie at dalen er meir ukjend for mange.

Spelemannsrekke

Peder (Per) Hansson Slåen) 1734-1811

Per Slåen kjenner ein til gjennom Ivar Kleiven, som fortel at Slåen både skal ha ordna fele og lært bort mange leiker til det som skulle bli forpaktarspelemann Ole Syversen Skaar (Spelemanns-Skårin, eller Gammel-Skårin som han oftast blir kalla). Lalmingen Spelemanns-Skårin vart ei viktig kjelde for Fel-Jakup (1821-1876), og Kleiven gjev han denne attesten: «I si tid var han tvillaust beste spelemannen i heile i heile Norddalen, eit musikalsk flogemne som truleg stod på høgd med den seinare LomsJakup» (Kleiven T. , 2022). Den fyrste kjelda til denne meisterspelemannen skulle altså kome frå Slåen i Heidal, men meire enn det er det nok ikkje rå å finne ut av. Slåen har på det tidpunktet han vert omtala av Kleiven, vore daud i over hundre år, og no er snart kjelda som skreiv om Slåen au vore daud i hundre år. Då vert det vanskeleg, i vertfall for meg, å trekke opp att trådar...

Estin Ellanson Lien (1780-1850)

Estin Ellanson Lien er den eldste spelemannen i Heidal som ein har noko direkte kjennskap til. Estin vart i si samtid sett som eit døme på at kunstnarlege genar kan gå i arv. Både bestefaren Peder Langrusten og broren Elland Lien skal ha vore særskild dugande kunstsmedar. Sjølv nytta han sin kunstnarlege dugleik til felespel, og han skal ha hatt ein særskild vakkert og sørgmodig tone i fela. Sju år gamal skal han ha mista synest «kveis-sotten», men det sette ikkje ein stoppar for Estin, og han utførte likevel dei fleste oppgåver. Han var hendt, og skal ha klart å ordna det meste sjølv. M.a. laga han til ny «ogopåbott» (lokk) til fela si, og det skulle visst vera like fint, både utsjånad, og mål i fela, etter «operasjonen». Estin sitt spel vart vidareført m.a. gjennom elevane Kristen Reirmo, Hans Vineshaugen og Stor-Ola Brurusten (Hansliguten), som alle tok det langt med felespelet.

Martin Brubakken (1795-1862)

Martin Brubakken skal ha vorte født på Nørde Brubakken i Sjolva i Heidal. Hovudkjelda for dr. O. M. Sandvik i boka «Folkemusikk i Gudbrandsdalen», Ivar Bråttå, skal ha lært fleire leiker av denne karen. Det er elles ikkje så mange opplysningar om Brubakken. Bjørner Holshagen spekulere i heftet «Hans Slettmo – samtid, nåtid, framtid», om Martin Brubakken kunne ha stått for noko av opplæringa av storspelemannen Hans Slettmo. (Holshagen, 1994)

Kristen Reiremo (1805-1893)

Kristen Reiremo skal ha hatt sine fyrste leveår på Mosebakken i Heidal. Faren, Amund Olsen, vart kalla ut i krig i 1807, men skal ha vorte sjuk, og han tok sine siste andedrag på heimvegen mot Heidal att. Armoda var for stor til at verken enkemora Brit Kristensdotter, eller besteforeldra kunna ta seg av han. Oppsedinga fram til niårsalderen vart det difor ho Gammel-Marit Brennun som sto for. Då han var gamal nok til å «gå på gardein» og ut or matmor si stove, så ville ho i all ålmente, forhøyre seg om kristendomskunna hans. «Ho vilde ikkje ha på seg at ho hadde slept ein heidning på bygda» (Prestgard, 1990). Etterkvart kom han i skreddarlære, eit yrke han har felles med fleire i rekkja av spelemenn eg skriv om her.

Feleopplæringa var det blinde Estin Lien som stod for, mot den sedvanlege geita i betaling. Han skal ha tileigna seg eit stort repertoar av gamle slåttar, og han skal ha «sett ein del slåttar til verda» sjølv. Mellom anna kom ein ven vals til vesl-Kristen, ei

natt han og ein mann ved namn Vesl-Lars Numedal, hadde låte fele i eit slitande renn på Måsåbakka i tri døger til ende. Svevnen tok dei både til slutt, attpåtil med full påkledning. Det var då, i den djupaste svevn, at ein vals kom så klårt til Kristen. Han drøymde at han spelte til dans på ein gard i Lom, og leiken han spelte var aldeles ukjend. Han vakna brått, og byrja med eit å spele på denne leiken. Namnet vart sjølvstøtt «Drøymarvalsen».

Kristen Reiremo dreiv skreddaryrket i mange år, og var nokså gamal då han slo seg ned som gardbrukar og gift mann på Reiremo. Likevel vanst han å få heile sju ungar, og har soleis mange spelemannsetterkommarar i fleire bygder. Mellom anna er han gjennom tvo ulike greiner tippoldefar til både Eva (1954-), og Ola Rusten (1942-). Han vert dimed andre-grads tipp-tippoldefar til Marit og Terje Rusten. Med andre ord; Kristen Reiremo er både ein musikalsk og ein reint genetisk stamfar til mykje av tradisjonsmusikken- og tradisjonsmusikkutøvarane i bygda i dag.

Stor-Ola Brurusten (1806-1892)

Ole Hansen Brurusten, eventuelt «Hansliguten», «Stor-Ola», «Storin» eller «Liaguten» er ikkje lett å plassere. Det heile er ei brokete forteljing, og det er mykje både geografi og ymse namnsetjing i denne saga. Han kan nok vera rekna som ein Lalms-spelemann, like mykje som ein Heidøl. Reisevegen var nok au ein tilhaldsstad der denne spelemannen ofra mykje tid. Han lyt uansett tole den lagnaden det er, å bli inkludert i denne spelemannsrekkja.

Stor-Ola, eller Hansliguten hadde sine fyrste år på den vesle plassen Hanslien på Lalm, og difor namnet «Hansliguten». Seinare hadde han tilhald i Brurusten, heilt øvst i Heidal, garden den kjende Jo Gjende bygde opp. Stor-Ola var nok ein underleg figur som tedde seg både underleg og valdsamt. Stamma skal han au ha gjort, og kanskje fann han det betre å uttrykke seg gjennom det musikalske språket. Han har nok spela fleire instrument, og Ivar Kleiven skriv;

Desse åri lærde han seg til å blåse klarinett, og det var han dugande til au. «Næ tå ekte buksebom-m-m, jemdyr ved sylv og søkk som stein i vatn», sa han om Klarinetten han hadde. (Kleiven I. , Elvesøg, 1937)

Hansliguten kom i felespelarlære hjå blinde Estin Lien, og Estin var særst nøgd men eleven han hadde fått. «Fæ eg næ meg n Ola Hanslien, så kenn det kāmå kem som vil tå spelmenom», skal han ha sagt. (Kleiven I. , Elvesøg, 1937)

Guten utvikla seg raskt, og han vart halden for å vera parlaust god til å spela fele. Såpass, at han fyrst på attenhundretalet gjorde musikken til leveveg. Han og fela skal ha reist så langt som til Helgeland i nord, dei svenske skogane i aust, og han skal au ha vore ein del på Vestlandet.

Etter ei tid kom han saman med Vis-Knut i Gausdal, og då vart den tidlegare så laglause og rekande spelemannen, ein truande. Han brende fela, eller som han no namngav ho: «helvedes musikktræstykk», og han gav seg inn på å skrive salmar i staden. Han fekk utgjedd ei samling som han gav den nette tittelen: «Et lidet enfoldigt Sangchor sammensat af en arm og elendig Synder, som gjerne vil henvende sig alvorlig til Gud med opriktig sand Bod». (Kleiven T. , 2022)

Dei siste tjuge åra han levde skal han tidvis ha fungert som klokkar i Heidal. Eit kvernhus ved elva Bergdøla i Heidal skal ha vore av tilhaldsstadane, og han vart overtala til å ta opp att felespelet, så lenge det ikkje vart dansa til. Brurusten døydde i 1892, og med det gjekk sannsynlegvis mange leiker og ein stor musikar i grava.

Hans Slettmo (1825-1894)

Hans Slettmo vert av mange rekna som den beste spelemannen som har hatt si oppseding i Heidal. Særs mange leiker er knytt til namnet hans, og han fekk kolossale skotsmål i samtid og ettertid.

Slettmo hadde i likskap med fleire som det vert skrive om i dette skrivet, ein trå start på livet. Han var ikkje gamle karen då mora døydde, og guten laut setjast bort, som det heitte. Oppsedinga frå då av vart «litt her og litt der». På eit tidspunkt var det så dårleg stell med Hans, at magen hans svulma opp, og han var nære dauden. Då var det ei lukke at eit ektepar ved namn Olave og Tor Skule tok seg av han. Det vart kokt lut, og blanda med maten, og snart trekte magen til Slettmo seg attende.

Det er uvisst kva tid Slettmo byrja med felespel, eller kven som lærte bort. Men han hadde nok mykje musikk kring seg frå tidleg alder. Det er sagt at Slettmo i tidlege år fekk høyre mykje langeleikspel gjennom «godmor» Ymbjörg Mosebakken, som far hans gifta seg opp att med. Mange av leikene i Slettmotradisjonen kjem nok frå henne.

Ein av leikene Ymbjörg hadde på repertoaret var «Bessleiken». Den skal ho ha lært i særs unge år, ein sumar då ho og broren gjette kyr. Soga skal ha det til at medan dei gjekk over Finntoppsletten, skal dei ha høyrte ein fin springleik, spelt på langeleik.

Leiken sat godt i husken, og Ymbjörg skal sidan ha låte den på langeleik sjølv. Om lag

samstundes skal tvo tenestefolk på Besstrond i Sjodalen ha høyr ein fin springleik dei og. Det viste seg å vera same leiken. Derav namnet «Bessleiken». (Kleiven I. , 1907)

Slettmo fór ikkje så vidt som mange andre spelemenn. Han spelte nok berre i Gudbrandsdalen. Men det er sagt at han tok seg ein tur til Ringeby ein gong. Der oppsøkte han ein spelemann på ein stad ved namn «Slovarp». Slettmo hadde nok ikkje inne så mange matematiske omgrep, så då han kom heim til Heidal att, sa ha at han hadde lært seksten- og tjuge leiker. Han skal au ha spelt noko i Lom, saman med FelJakup. Fel-Jakup vitja au Slettmoen, og dei skal ha spelt ein fjorten-dagars tid på ymse seterstular i Heidal. Då skal dei ha kosa seg ordentleg.

Så nemnde au Fel-Jakup Slettmo fyrst, då han blei spurt kven den likaste spelemannen han hadde møtt, var. Namnebror og sambygding Hans Vineshaugen, skal au ha heldt Slettmoen høgt. Ei historie frå eit ball på staden «Larslykkja» skildrar dette. Slettmo gjesta seg, medan Vineshaugen var innleigd til å spele. Utpå kvelden fekk Slettmo prøve fela til Vineshaugen, og freista ein leik. «Du lyt jammen hå god fele du!» sa Slettmo, men då svara Vineshaugen: «Å, det var visst betre spelemeinn, hell fele nå! Eg har nå ikkje visst anna heill at eg kunne bruke fela eg heill, men nå veit eg at deg Hans, røkk eg eilder» (Prestgard, 1990). Hans Slettmo gjekk ut or livet, 69 år gamal på veg heim frå eit speleoppdrag på Slettmo i 1894.

Hans Horgebakken (1826-1910)

Hans Horgebakken kom til verda som husmannsson i Nedre Heidal i 1826. Han var musikalsk, og han hadde au ei ættesoge som ikkje var fri for kunstnariske innslag. Den mest kjende familierepresentanten er nok bestefaren Knut Soksen. Han vert rekna som den fyrste til å dikte på dølamål, til inspirasjon for m.a. Edvard Storm, som kom seinare. Diverre for Horgebakken, var ikkje tilhøvet i Gudbrandsdalen fyrst på 1800talet slik, at kunstnarisk rikdom førte med seg materiell rikdom. Staden Horgebakken vert av Arild Teigen skildra slik:

«Denne plassen kunne nok vore rydda på siste halvdel av 1700-talet, og delar av jordvegen hadde dessutan den tvilsame æra av å vera den brattaste i heile baksida». (Teigen, 2012). Det vart nok eit liv i armod frå start til slutt for Hans Horgebakken.

Soga seier ingenting om kven som kan ha vore lærarmeister for Horgebakken, men han skal ha byrja å spele tidleg. Ei formativ hending for Horgebakken laut det vera, då han som ung spelte på ein auksjon i Heidal. Eigentleg var det tvo andre spelemenn

som skulle stå for låtinga, men responsen og entusiasmen åt dei tilreisande dansarane og tilhøyrarane var noko avgrensa. Det var vel ikkje rare musikarane som hadde vorte tinga. Ein mann ved namn Iver Kruke fann fram ei fele og lurte på om ikkje Horgebakken kunne freiste. Det gjorde han, og snart vart dansegolvet stint av folk. Både dansegleda og givarlysten vart med eit stor i forsamlinga. Iver Kruke, han som tok initiativet til byte av spelemennene, gjekk snart rundt å samla inn kronasje i ein hatt. Ein ved namn Torger Herigstad ville veksle inn ein ti-kroning, men Iver sopte mynten nedi hatten og let på at; «Det var passeleg detta» (Prestgard, 1990).

Ei samtidsskildring av Hans sitt spel, har Arild Teigen attgjeve i årboka «I Heidalé» i 2012-utgåva. Artikkelen han siterar, er henta frå avisa «Lillehammer Tilskuer», og eg referer på nytt her:

Det var ganske morsomt at se hvilken fart der kom i gamlingen naar han var indbudt at spille et eller annet sted i bygden. Og når han fikk stemt sin fele, og begyndte, varede det ikke længe, før han blev saa grebet af tonerne at han nesten ikke havde sans for noget andet. Da lagede det sig et begeistringens præg over hans ansikt, og slaaterne fikk en farve, som kun han kunde lægge over dem; thi han havde nedlagt noget af sitt liv i dem. (Lillehammer Tilskuer, 1906)

Elles vert det fortalt at Horgebakken såg mørkt på å vaske seg, og at han hadde ei mørk lortete farge i fjeset. I likskap med sin namnebror Hans Slettmo, døydde Hans Horgebakken ute på oppdrag. Hans var innleigd til å spele på Monskleiven i Heidal, men svima brått av, og datt av krakken med fele i handa. Han blei frakta til Faukstadmo, og livet enda der for den 86 år gamle enkemannen. Då var nok tilværet ganske fælsleg. Horgebakken var vel strengt teke altfor gamal og skrøpeleg til både å spele og transportere seg sjølv til oppdraga. At han gjorde det, peiker kanskje på at det ikkje var anna høve til å få seg inntekter.

Hans Vineshaugen (1831-1909)

Hans Vineshaugen vart fødd på Vineshaugen i baksida i Heidal i 1831. Han synte tidleg anlegg for musikk, og mora ofra ei geit og gjekk til blinde Estin Lien for at han skulle byrje å lære. Felespelet fekk han taket på, og det var springleikane han var ivrigast på. Ettersom han vaks til farta han rundt og fekk lære leiker av dei fremste felespearane i Gudbrandsdalen. M.a. lærte han leiker av Fel-Jakup, namnebror og

sambygding Hans Slettmo, Blind-Marit på Sel, og ikkje minst dei evnerike Slåstugukarane i Skåbu som utvandra til Amerika i 1873.

Vineshaugen tok til seg urmakarfaget, og han hadde høve til å fare endå vidare enn dei fleste. Han var m.a. i Østerdalen å spelte med Tollef Norem. Det er visst han som lærte Vineshaugen å bruke noter. Han fór au til Hedmarken. Der trefte han musikarar som dyrka den nyare dansestilen runddans og som framførte han på virtuost vis. Denne Hedmark-stilen er gjerne kalla «storgardsmusikk» i dag.

Ein av representantane for denne musikkstilen var Anders Sørensen (1821-1896). Det er skildra at av dei fyrste gongene Vineshaugen møtte Sørensen, ville Hans Vineshaugen så gjerne høyre spelet hans. Anders Sørensen var ikkje i humør til det, og sa at spele kunne han gjere sjølv. Då tok Vineshaugen til å spele på ein vals som Sørensen hadde komponert. Han spelte fyrst reint og vent, men litt ute i leiken tok Vineshaugen til å spele surt og stygt. Då blei Sørensen irritert og tok frå han fela, og han spelte slik leiken skulle bli spelt. Det enda med andre ord med at Vineshaugen fekk viljen sin, og Sørensen spelte for Vineshaugen.

Vineshaugen kom au saman med ein annan dugande felespelar på Hedmarken, ved namn Lars Holo. Holo tok på seg noko undervisning, og Vineshaugen betala han 12 shilling timen. Holo laut ha gjort stor suksess med eleven sin, for etter ei tid ville Holo ha Vineshaugen opp som fyrstefiolinist i det namngjetne ensemblet sitt.

I 1874 vart fartinga over for Hans Vineshaugen. Då etablerte han seg med gard, kjerring og ungar på Nord-Sel i Nord-Gudbrandsdalen. Kameraten Torger Olstad på Sel, skriv om Vineshaugen på denne tida:

«Vineshaugen kom tilbake efter denne turen (lenger opphald på Hedmarken), og blev mere rolig. Han var da ansett som Norde-Gudbrandsdalens flinkeste violoinspiller. Alt han spillede var saa nøiagtigt, om det var efter noter, eller han lærte noget vilt, saa kunde han ikke give sig over, for det var aldeles rigtigt. (Olstad, 1924)

Hans Vineshaugen hadde altså på dette tidspunktet lært å meistre den virtuose nye runddans-stilen, samstundes som han heile tida hadde bygdedansspelet han hadde lært frå barnsbein av, i ryggrada. Han var nok ein allsidig musikar med eit stort repertoar. Han var au ein dugande komponist, men Vineshaugen gjorde nok ikkje så mykje for at musikken hans skulle bli spelt. Han var ikkje like aktiv som andre spelemenn i

Gudbrandsdalen til å ta på seg opplæring eller offentlig speling. Ei lukke er det då venen Torger Olstad hausten 1924 bestemte seg for å skrive ned dei leikene han hadde i hovudet. Det blei 130 leiker, og han skriv i føreordet at: «...mesteparten af denne musikk er efter Hans Vineshaugen».

Hans Hansen Leirflaten (1841-1916)

Den fjerde Hans i denne saga drog det ikkje like langt som dei fire hine. Likevel er han skildra som ein sær s dugande felespelar, og elles ein kunstnarisk og framkjømande kar i sin heilskap. Han var son til husmannen Hans Leirflaten den eldre, som tok det langt innan smedaryket. Hans Leirflaten skal ha halde felespelet til Hans Slettmo sær høgt, og han hadde nok ein del musikalsk samvær med Slettmoen.

Ola Krukhaugen (1876-1962)

Ola Krukhaugen var ein musikalsk type og spelte både fele og durspel. Han laut vera ein driftig kar, for i tillegg til spelemannsverksemd dreiv han skreddaryket og var gardbrukar.

Ei kjend historie er om då Krukhaugen stelte i stand spontan-ball i Murudalen. Nett denne attforteljinga er henta frå ei tale Ingrid Løkken heldt på ein konsert med spelemannslaget på Kruke i 2010:

Det var ein gong fleire samla i ei bu bortved Meringsdalsvatnet, deriblant han Ola Krukhaugen og han Pål Aaseng frå Nordre Prestgard. Pål hadde nysst fått seg ein einrader, som han ville ha han Ola til å kjøpe. Men han Ola tåla frampå om døm heillan skulle gå inni bue og spela femkort på det, «så fæ e de billigar», sa han. Og da kortkula var over ha einradarn skifta eigar, og døm skulle stad og prøve det. Døm tok med seg ei trillbåre, og tok sørover Murudalen. Han Ola sat oppi og let, og så bytte dei hine på å trille. Etter kårt vart det eit heilt fylgje, og døm havna i Hålåsteren, og helt ball der til ljose dagen.

Ola Krukhaugen heldt spelet til Hans Slettmo sær høgt, og alt som liten gut har han fortal sonen Iver at han lurte seg langt av garde, kvar enn det skulle vera at Slettmoen skulle spela. Han fekk au lære ein del leiker etter Slettmoen som han sidan lærte til sonen Iver. Iver var lærarmeister til storspelemannen Øyvind Smith som har musikken som sitt levebrød den dag i dag. Soleis er det ikkje så altfor mange ledd bakover i den levande Slettmo-tradisjonen, før ein kjem til Slettmo sjølv.

Mathias Vang (1881-1965)

Mathias Vang var frå Nedre Leirflaten i Øvre Heidal. Mathias kunne traktere både prillarfløyte og fela. Peder Skavrusten skal ha lært mykje av repertoaret sitt frå Mathias Vang. Skavrusten spelte i radioen på Folkemusikkhalvtimen, der Rolv Myklebust tok opptak av Skavrusten. Dette er mange sjeldne leiker og former, og kanskje er Mathias Vang opphavet til noko av dette eksotiske materialet.

Hans Prestgard (1887-1955)

Hans Prestgard var gardbrukar på Søre Prestgard i Heidal. Han skal ha spelt mykje til dans i ungdommen m.a. med Thorvald Slettmo og Ragnar Rognstad. Han skal au ha hatt mykje samkvem og felespeling med Johan Bråtå, Per Brenden, Ola Skogheim og Torger Iverstugun. Prestgard var engasjert både som domar og deltakar på fleire kappleikar. Han samla og skreiv ned ein god del noter som i dag er å finne på folkemusikkarkivet i Vågå. Mellom anna finn ein springleikane Darthuskallen og Skardågubben i spesielle, og etter underteiknar si meining, morosame formar etter Hans Prestgard.

Østen (Estin) Skogum (1893-1983)

Estin Skogum kom frå Skogum i Heidal og søkte tidleg samværet til eldre spelemenn som Ola Krukhaugen, Hans Horgebakken og Ivar Bråtå på Lalm. Kring 1920 vart Estin gardbrukar på Lalm og fekk med kona heile 13 ungar. Av ettertida vil han nok bli like mykje hugsa gjennom spelemannsvirke til dei mange sønene sine som av det han utretta med fela sjølv. Heile sju av sønene hans trakterte fela og, dei meste kjende er nok Pål, Jakup og Øyvind. Estin skal ha hatt fleire leiker i tradisjonen etter Hans Horgebakken. Dei har sønene til Estin nytta både i kappleikssamanheng og i andre høve.

Ola Slettmo (1890-1958)

Ola Slettmo var eldst av tri felespelande brør, Ola, Anton og Thorvald. Dei var grandnevøar av Hans Slettmo, og skal ha fått felemusikken tidleg innprenta. Det var nok god tilgang på feler i heimen, for dei tri brørne skal visst ha spela noko i lag til dans - m.a. i ein sal som var på den gamle Ellingsbøgarden i Heidal. Ola vart gift med Inga Rindhølen og vart brukar på garden Jotun i Heidal. Då vart det magert med fritid ein kunne avsjå til felespeling, så Ola Slettmo selde fela til forstandar Kristian Haug i pinserørsla.

Kristian Stenstuen (1891-1969)

Det er berre Knut Kjøk eg finn, som i dei ulike binda av «Slåtte og Leikje» nemner Kristian Stenstuen. Kjøk har notert ned ein god del leiker etter han, m.a. tri hallingar, nr. 102, 103, og 129 i bind 1.

Anton Slettmo (1892-1976)

Anton byrja i likskap med brørne Ola og Thorvald å spele tidleg. Han opptredde noko ilag med brørne på dansespeling og skal au ha spelt med Pål og Ingvald Bekkemellem. Anton spelte, i motsetnad til brørne, heilt til han vart gamal og vanst å lære bort ein del til Bjørner og Magnus Holshagen. Likevel meinte Bjørner Holshagen at ein god del leiker vart borte då Anton tok sine siste andedrag i 1976.

Thorvald Slettmo (1896-1968)

Thorvald Slettmo vert av Bjørner Holshagen i heftet «Hans Slettmo – samtid – nåtid – framtid», skildra som det største musikalske talentet av dei tri Slettmobrørne. Thorvald skal ha lært seg noter tidleg og var særskild aktiv om dansespelemann. Han skal ha spelt saman med Hermann Kvehaugen, Hans Prestgard og Ola Rognstad. Karriæra som dansespelemann vart diverre ikkje så lang, då Thorvald etterkvart vart sterk i si gudstru. Asmund Kvehaugen er nok den einaste som fekk høyre og notere ned Thorvald sitt spel etter at han trekte seg attende frå fest og lauslivnad. Reinlendaren «Pennleiken» er av dei han fekk skrive ned, og som er nytta den dag i dag. Slettmo var ikkje så viljug til å spele fele for Kvehaugen, og ynskte i allefall å få høveleg betaling for å gje frå seg melodiar. Ein forhandla seg då fram til at Slettmo skulle få kulepennen Kvehaugen hadde med seg mot at han spelte reinlendaren sin til Kvehaugen hadde fått han inn. Soleis fekk melodien namnet sitt.

Iver Kringlethaugen (1896-1983)

Iver Kringlethaugen var barnebarn av Hans Horgebakken og skal ha hatt mange leiker etter han. Iver var kjent for å ha spesielle former på mange slåttar. Fleire ville lære, men det vart ikkje så lett. Iver Kringlethaugen var au kjent for å spå veret med stort hell. Løyndomane kring dette, samt dei finurlege slåtteformene «...tok Iver med seg i graven» (Holshagen, 1994)

Hans O. Hjellet (1898-1967)

Hans O. Hjellet skal ha spelt ein del til dans saman Thorvald Plassen, og Teodor Bakken i sin ungdom. Pål Skogum skal ha kjøpt fela til Hjellet på eit tidspunkt. Hjellet gjorde i 1932 bureisar av seg, og tykte vel han laut ofre all tidsbruk til gardsarbeid.

Ola Rognstad (1898-1992)

Ola Rognstad vert av fleire skildra som ein sær sars god felespelar. Han skal ha spela ein del til dans saman med Hans Prestgard og Thorvald Slettmo. Rognstad skal særleg ha markert seg med eit reint og briljerande posisjonsspel. Han var nok mest aktiv med felespel i yngre år, og han levde etterkvart eit meire musikalsk tilbaketrekt liv på Randsverk med kona Mari.

Hans Gustav Nymo (1899-1989)

Hans Gustav Nymo skal ha vore oppteken av både felespel og historikken kring musikken. Han har forfatta fleire skriv og artiklar i ymse årbøker og tidsskrift. Hans Nymo skal ha spelt med andre spelemenn som Mathias Lyen, Kristian Steffinnsbø og Magne Brobakken. Nymo vart ei tid skildra som ein samlingsstad for spelemenn i bygda.

Mathias Lyen (1899-1987)

Mathias Lyen skal ha sete inne med sjeldne slåttar og formar. Nokre livde vidare via sonen Magne, som i fleire år var leiar i spelemannslaget i Heidal. Men begge tvo er no daude, og det er nok sannsynleg at ein del musikk er gått tapt.

Ola T. Rønningen (1900-1971)

Far til Ola Rønningen var Tor Rønningen, som var sonen til Hans Slettmo. Ola Rønningen var i si tid ein ettertrakta spelemann for dansarane, og han skal ha hatt eit samansett repertoar av både Slettmotradisjon og Skåbutradisjon då mora Sigrid Flekken var i frå Skåbu i Nord-Fron. Ola Rønningen hadde tilhald i Skogbygda i Heidal og vart ein viktig lærar for Magnus og Bjørner Holshagen.

Kristian A. Steinformsbø (1903-1966)

Kristian Steinformsbø skal ha vore sær aktiv på dansespelig med ulike kompanjongar i ungdommen. Han tevla på nokre kappleikar og var med å grunnla spelemannslaget i Heidal i 1954. Han skal ha spela ein del til dans med Teodor Bakken.

Peder Skavrusten (1904-1996)

Peder Skavrusten vaks opp på det avleie bruket Skavrusten opp mot seterstulen Kvernbru i Heidal. Skavrusten skal ha lært mange gamle leiker av Mathias Vang. Skavrusten gjorde det godt på både lokale kappleikar og på fleire landskappleikar. M.a. vann han klassa «Nyskaping» med springleiken «Helsing til Kvernbru» på Landskappleiken i Førde i 1979. Peder Skavrusten vart fyrste nestformannen i «Heidal Spelemannslag» i 1954, og han var ivrig medlem av laget til det siste.

Peder Skavrusten er oldefar til den kjende spelemannen Geir Marius Thorud, kjend frå ei mengd plateinnspelingar mellom anna med «Jutullaget» og «Kompani Byre». Det er Geir Marius som har kontroll på opptaka som er gjort av Skavrusten, og han førar tradisjonen vidare.

Teodor Bakken (1904-1984)

Teodor Bakken vert skildra som sær musikkinteressert, og denne lidenskapen hadde han nok heilt frå barnsbein av. Mora hans var nok au musikalsk, og det er etter henne Teodor skal ha lært «Bjønnhallingen». Den har vorte av dei mest kjende folkemusikkmelodiane frå Gudbrandsdalen og er etter oppteikning av Teodor sitt spel. Teodor Bakken var både aktiv i spelemannslaget, og han var au med i hornmusikken i bygda.

Teodor Bakken livde sparsamt, og klarte seg godt ved at han rett og slett ikkje hadde noko forbruk å prate om. Og kom han over nokre kronar, sat det langt inne å nytte dei.

Då 25-øringen skulle gå ut or bruk i 1982 hadde Bakken spara eit fullt fem-liters spann. Han rakk så vidt å veksle dei inn hjå banken før det vart for seint.

Ei anna historie som skildrar den påpasselege livsførselen hans, er saga om juleveden. Kvar jul bar Teodor inn eit lite vedala i den nette stova si. Men det vart aldri så kaldt at han tykte det var noko poeng å brenne opp denne fine, turre veden. Då julehelga var overstått, og ein nytta eit nytt årstal i almanakken, bar han ut att all veden. Det ordna Teodor på praktisk vis med å feste veden i strikk, slik at han kunne bere han inn att til

neste jul. Teodor Bakken fekk aldri lagt inn vatn eller straum, og han testamenterte alt han eigde til Sel Kommune. Donasjonen hans har vore til stor glede for eldreheimen, Heidalstun.

Det vart gjort mange opptak med Bakken, og NRK arkivert har ein del. Mary Barthelemy, seinare kjend gjennom samspel med Hans W. Brimi og Jon Faukstad og som fløytist og felespelar i Dalakopa, var av dei som sette pris på spelet til Teodor Bakken. Ho vitja han ein del gonger medan ho budde i Heidal midt på 1970-talet, og ho tok fleire opptak med han.

Iver Krukhaugen (1909-1995)

Iver Krukhaugen var son til Andrea Nelsonløkken og fele- og durspelaren Ola Krukhaugen. Iver skulerte seg på Hjerleid på Dovre, og han vart ein god treskjerar og ein dugande snikker. Det er han som har laga altertavla til Digermulen kyrkje i Lofoten, og han var au ei viktig brikke i gjenreisinga av Heidal Kyrkje etter brannen i 1933. Treskjeringa fekk heldigvis ikkje monopol på dei kunstnariske evnene til Krukhaugen, og han har nok ytt like mykje i musikkens, som i handverket si teneste.

Iver Krukhaugen fekk lære felespel og repertoar av faren Ola og kom etterkvart saman med andre spelemenn som Hans Prestgard, Peder Skavrusten og Kristian A. Steinfoinnsbø. Felespel var noko av det han sette høgast i livet, og han oppsøkte au Sigbjørn Bernhoft Osa for kursing og skulering.

Krukhaugen var ei viktig brikke i skipinga av musikkforeininga i Heidal i 1951, og han var kanskje den fremste pådrivaren for å få etablert spelemannslag i bygda. Så vart han au den fyrste formannen i laget i 1954, og han svinga formannsklubba til laget i til saman fjorten år, fordelt på fire periodar. For dette vart han utnemnd til æresmedlem i Heidal Spelemannslag i 1989.

Iver Krukhaugen var sær oppteken av at musikken skulle leve vidare, og han gjorde mange forsøk på å få nye generasjonar til å spele. Best lukkast han nok kanskje med Øyvind Smith, som han lærte opp dei siste åra han levde. Smith er heiltidsmusikar den dag i dag, og har både notesamlingar etter Krukhaugen og spelet innprenta i ryggmargen. Krukhaugen var au ein habil springleikdansar, og saman med systera Agnes har dei lært opp nye generasjonar. Kort og godt: Iver Krukhaugen skal ha ei stor del av æra for at Heidalstradisjonen er så rik og levande som den er den dag i dag!

Asmund Kvehaugen (1909-1993)

Asmund Kvehaugen hørde nok mykje musikk i sin framvekst og byrja etterkvart sjølv å spele fele. Han skal ha heldt spelet til Thorvald Slettmo høgt, og han fekk lære nokre leikar av han. Kvehaugen skal au ha hatt nokre slåttar etter Kristen Brånå som ei tid hadde noko samkvem med både Hans Slettmo og Fel-Jakup. Brånå skal ha hulla melodiar han hugsar etter dei.

Magnus Holshagen (1917-1993)

«Den største spelemannen som Heidal har fostra i nyare tid», er attesten Ola Rusten gjev Magnus Holshagen.

Magnus Holshagen vaks nok opp i ein heim der folkemusikken sto i høgsetet. Både han, broren Bjørner og faren Steinar Holshagen spelte fele. Steinar var forresten fødd og oppvaksen på Lalm. Han er difor ikkje inkludert i denne oversikta.

Holshagenfamilien hadde Rønningen som granne, bruket der Hans Slettmo hadde tilhald delar av livet sitt. Så fekk au Holshagenbrørne barnebarnet til Hans Slettmo, Ola T Rønningen, som lærarmeister. Andre formative felespelarar har nok vore Anton Slettmo og Hans Prestgard. Magnus var ein viktig tradisjonsberar for spelet i Heidal, og det er ei lukke at NRK fekk gjort opptak av han. Magnus Holshagen vart Aklassing på fele på Landskappleiken i 1964. Han var ei tid aktiv i Dovre Spelemannslag då han tok seg bustad der.

Bjørner Holshagen (1924-2004)

Bjørner Holshagen trakterte både trekkspælet og fela. Han var særskild oppteken av tradisjonsmusikken, og han gav au ut eit hefte om Hans Slettmo i samband med 100årsmarkeringa av at Slettmo gjekk ut or tida i 1994. Bjørner er som nemnd bror til Magnus Holshagen, og sistnemnte vart nok halden for å vera eit knepp betre i felespel. Men, ein kar ved namn Gudbrand Djupdalen sa ein gong at «det er nok han Bjørner som har vore den beste spelemann, visst han har haft fele, og kunna å låte». Slåttar og spelemannssoger har nok Bjørner fått overlevert til nevøen Kåre Holshagen.

Samspelet og samdansen

Tradisjonsmusikken i Gudbrandsdalen blir i hovudsak sett på som ein solistisk tradisjon. Skulle det dansast springleik, var det berre naudsynt med ei fele for å få sving på gjestane. Likevel kan ein lese at det var vanleg, særleg når ein større gard var oppdragsgjevar, at ein

leigde inn både tvo og tri spelemenn. Når feiringa kunne halde på i mange dagar i strekk, er det nok sannsynleg at dei ulike spelemennene laut avløyse kvarandre ein god del, og ein hadde ulike spelemenn i ulike stover rundt på garden. I «Heidal - Spelemannshistorie» av Semon Prestgard, kan ein lese om marknaden i Hesthågå i Lom. Der skal Hans Slettmo, og sjølvaste Fel-Jakup vore innleigde til å spele. Dei vart spurte om å underhalde i kvar si stove, og sjølv om Fel-Jakup heilt sidan sine levedagar har vore halden for å vera sjølve høgdepunktet i folkemusikktradisjonen i Nord-Gudbrandsdalen, så var det i stova til Slettmo at folket stod tettast!

I høvet der ein hadde direkte samspel, har nok unison eller oktavharmonisert meldodiføring vore nytta ein del. Oktavharmonisering er innan feletradisjonen kalla «groft og grant». Utover det, veit ein ikkje så mykje kring korleis samspelet i Heidal og Gudbrandsdalen føregjekk, før spelemannslaga vart skipa.

Heidal Spelemannslag

Heidal spelemannslag vart skipa 29.08.1954 på musikkrommet ved Heidal Skule. Det fyrste styret var Iver Krukhaug (formann), Peder Skavrusten (nestformann), Kristian O. Steinfinnsbø (sekretær), Anton Skredemellem (kasserar), Kristian A. Steinfinnsbø (styremedlem), og Ragnar Vollen og Johs Hjellet som varamenn. Frå stiftinga i 1954, og fram til 1976 var det god aktivitet i laget. Det er å lese i protokollen referat frå årsmøte nesten kvart år, og ein rapporterer om deltaking på ymse kappleikar. Spelemannslaget arrangerer au nokre kappleikar sjølv. «Gammellaget» er ofte nemninga ein nyttar når ein pratar dei som var aktive i spelemannslaget rett etter stiftinga. Ingen av oppstartsmennene er i live i dag, og ikkje så mange er att til å fortelje om «Gammellaget».

I «Gammellaget» var det fleire sterke tradisjonsberarar. Dømevis kan ein nemne Iver Krukhaugen, Peder Skavrusten, Teodor Bakken og Bjørner Holshagen. Heldigvis er fleire av dei godt dokumentert gjennom både Rolf Myklebust, og Sven Nyhus sitt arbeid i NRK. I 2014 vart nokre av opptaka som er gjort med spelemannslagsmedlemma gjeve ut av plateselskapet Talik. Her finns det både sjeldne melodiar og slåttar som er kjende i heile Gudbrandsdalen, men som har si særmerkte «Heidalsform».

Grunna ei konflikt som oppstod midt på 1970-talet, vart det dårleg med aktivitet i ei ti-års periode mellom 1976 og 1986. Ola Rusten var av dei som tykte det var skrøpeleg at aktiviteten i laget var så laber, og saman med Ragnar Vollen blei dei over ein kaffikopp samde om å ta opp at spelinga. Den 7. mars i 1986 vart eit nytt årsmøte halde, og av protokollen kan ein lese at Bjørner Holshagen vart vald til ny formann. Ein skulle byrje med «ny frisk», og ein leigde inn vagværen Harald Haug for å halde kurs. Anton Hjellet, Johs Hjellet, Bjørner Holshagen og Ragnar Vollen var av dei gamle som vart med att. Iver Krukhaugen og Lars Kvehaugen hadde spelt i spelemannslaget Sel- og Otta i den tida då det var opphald i aktiviteten i Heidalslaget. Dei meldte frå 1986 «overgang» attende til Heidal Spelemannslag.

Ola Rusten var formann frå 1987-1990, og frå då og fram til 1994 var det Magne Lyen som leia. Desse tvo er av dei som hadde spelt folkemusikk sidan dei var unge, men ikkje organisert seg ordentleg i laget før det fekk «nytt liv» i 1986.



*Heidal Spelemannslag i tidlege år.
Foto henta frå avisa GD.*

Heidal Juniorspelemannslag

Fyrst på 1990-talet såg ikkje framtida særleg ljøs ut for tradisjonsmusikken i Heidal. Spelemannslaget kunne ikkje akkurat kallast ei vårleg forsamling, og fleire medlemmar hadde allereie gått bort. Rekruttering og misjonering av den oppveksande slekta var einaste farbare veg dersom tradisjonen skulle få leve vidare. I 1992 leigde ein difor inn Amund Amundgard frå Sør-Fron til nett det føremålet. Fleire unge meldte seg, og allereie året etter vart det etablert Juniorspelemannslag.

Resultatet vart eineståande! Eva Rusten fortel; «Å fy flate. Døm va heilt spesielle». Ho minnes ei episode frå ein landskappleik. Ein var godt i gang med juniorklassa, og Heidal Juniopelmannslag var midt i ein lek. Ein person kom nett inn i salen, og braut med det same ut; «neimen, ha døm ellereio bynt med seniorklasse?».

Juniorlaget frå 1990-talet drog i land mange gode plasseringar på ymse kappleikar, og laget la mykje av grunnlaget for spelemenn som held tradisjonen i hevd i dag. Ein av dei som fortsette med musikk, og som den dag i dag har fela som levebrød, er Øyvind Smith. Det som i dag står att som sterkaste minne for Øyvind er Landsfestivalane.

Både Otta i 1997 og Ålesund i 1998 vert nemnd. Men høgast heng nok Landsfestivalen på Røros i 1994. Då gjekk trioen «Heidalstrøylla» (Øyvind Smith, Terje Rusten og Emil Krukhaugen) av med sigeren i open klasse. Men Øyvind Smith er blyg når utspørjar utfordrar han til å kommentere; «Te å væra så unge, var oss nok kanskje ganske flinke ja...»

Marit Rusten var au med som rekrutt på 1990-talet, og ho har m.a. gjort det særst godt på Landsfestivalen i gamaldans. Marit Rusten kan skryte av siger i soloklassa «fele/hardingfele» i 2007 og 2019. Ho er i dag fast i felerekkja hjå spelemannslaget Mukampen, og der står ho saman med m.a. Tom Erik Kleiven. Han var au med i Juniorspelemannslaget i Heidal på 1990-talet.

Sist vil eg trekkje fram Even Lusæter. Han har etterkvart hatt eit langt virke i folkemusikkens teneste både som utøvar, forfattar, sogeforteljar og «folkemusikkorrespondent» i NRK.



*Heidal
Jr.spelemannslag
i 1997. (foto
henta frå Eva
Rusten si
bildesamling)*

Spel- og Dansarlag

På årsmøtet i 1994 vart ein samd om å fusjonere «gammelkarrein» i Heidal Spelemannslag, og juniorane i Heidal Juniorspelemannslag. Ein samla seg frå då av under det nye namnet «Heidal Spel- og Dansarlag».

På tross av at ein inkluderte dansen i namnet, var det på 1990-talet smått med organisert dans i regi av laget. Men på landskappleiken i 1999 vart Eva Rusten og broren Håkon Sandum vinnarar i pardansklassa. Dei vann som representantar for Vågå Spel- og Dansarlag. I kjølvatnet av dette oppstod det ei nyfikne i Heidal på om ein au der kunne få til noko meire av dansetradisjonen. Eva og Håkon vart engasjerte som instruktørar, og snart vart det regelmessig dansing av både springleik og runddans. I 2009 stilte Heidal Spel- og Dansarlag for fyrste gong i lagdansklassa på Landskappleiken i Ål. Sidan har det vore fleire deltakingar, og Eva Rusten er nok den som skal ha største delen av æra for all dansinga som har vore i laget dei siste 20-25 åra. «Eg lærer dykk grunnstega. Dansen lyt dykk gjera sjølve», seier Eva.

I perioden 1994-2006 er Ivar Kleiven formann i Heidal Spel- og Dansarlag. Dette er gode år for spelemannslaget. Av tevlingsresultat kan ein nemne siger på Landskappleiken på Voss i 2000 og siger på Landsfestivalen på Oppdal i 2004. Laget arrangerer au Landsfestival på Otta i 2003 saman med Sel/Otta Spel- og Dansarlag. I 2004 er laget 50 år, og ein held jubileumskonsert der nesten 250 personar skal ha møtt fram. Ein CD vert spelt inn 2005, og han vert kalla «Løyle å Låte».

Etter at Iver Krukhaugen gjekk bort i 1995, og Amund Amundgard sitt engasjement i spelemannslaget slutta i 1996, såg ein til Skåbu for å finne ny musikalsk leiar. Valet fall på Roger Slåstuen. Med Roger ved roret kom fleire av speleevenene hans frå Skåbu «med på kjøpet». Alt i år 2000, då Heidal stikk av med sigeren på landskappleiken på Voss, er det fleire frå Skåbu som tek plass i felerekkja til Heidal Spelemannslag. I 2007 fann ein på bakgrunn av dette ut at ein ynskte at spelemenn frå Heidal Spelemannslag og spelemenn frå Skåbu Espedal/Spelemannslag skulle kunne tevla ilag under same fane. Ein skipa då «Mukampen Spelemannslag», oppkalla etter fjellet Mukampen som ruvar som ein koloss midt i mellom bygdene Skåbu og Heidal. I 2018 heldt spelemannslaget konsert og spelte til dans oppå Mukampen (1745 meter over havet).

Frå 2007-2015 eksisterte dei gamle laga Heidal Spel- og Dansarlag og Skåbu/Espedal Spelemannslag som tvo åtskilte einingar som hadde Mukampen som eit samarbeidsprosjekt. Etterkvart fann ein det mest rasjonelt å slå laga saman, og frå 2015 er dei tvo spelemannslaga Heidal og Skåbu/Espedal historie. Roger Slåstuen held fram som leiar, og dei tvo bygdene i kommunane Nord-Fron og Sel deler spelemannslag.

Slåstuen har no vore musikalsk leiar i om lag 30 år, og han har verkeleg sett sitt preg på spelemannslag og den musikalske aktiviteten generelt både i Skåbu og i Heidal. Underteikna sine synspunkt er nok grunnlag for eit habilitetsspørsmål, men eg meiner rett og slett at ein kan seie at laget under Roger sitt leiarskap har lukkast godt. Laget har ein tydleg profil, og det er kjend for god dansetakt og ei eineståande utstråling med speglede. Det gjev betaling i form av godt oppmøte av tilskodarar på konsert, trufaste dansarar på dansefest og ei stor «fan-gruppe» på Facebook. Det særeigne miljøet og den gode musikken har fått spelemenn frå utanom kjernebygdene Heidal og Skåbu til å søkje seg til samspelet i Mukampen.

Etterord og takk

Det er særleg tvo ting som eg tenkjer på etter å ha skrivi denne oppgåva. Det eine er dette med rekruttering. Det er nok ikkje å overdrive, dersom ein påstår at arbeidet ein starta opp med på 1990-talet med kursing og juniorspelemannslag, er ein hovudgrunn til at tradisjonen er levedyktig den dag i dag. Dette er eit tankekross, og ein kan spekulere i om tradisjonen hadde vore endå rikare dersom ein hadde byrja med arbeidet før dei fremste tradisjonsberarane var i ferd med å bli kistelagt. Eg vonar spelemannslaget tek vare på dei gode erfaringane ein har frå 1990-talet, og at ein klarar å finne nye tradisjonsberarar for nye generasjonar.

Det andre eg sit att med etter dette arbeidet er rett og slett omfanget som har vore av spelemenn. I denne teksta har eg berre skrivi om dei ein veit om, og følgeleg dei som sette mest spor med musikken sin. Heidal er ikkje ei veldig folketett bygd, og omfanget eg har kome over i dette arbeider tydar på at det har vore vanleg med mange spelemenn berre i ei einaste grend.

Det er mykje meir å finne ut av, og eg har framtidsvon om å skrive meir om musikken frå Heidal. Eg kunne m.a. tenke meg å sett på kva som kunne finnast av vokal musikk, samt å grave meg ned i det som er av gamle notar og opptak, og sett meir på sjølve musikken.

For å tileigne meg informasjon til å skrive denne oppgåva, har eg hatt møter med Øyvind Smith, Mary Barthelemy, Roger Slåstuen og Sjur Sande. I tillegg, har eg vitja sjølv «Mimisbrunn», kva gjeld folkemusikk i Heidal, i form av Ola og Eva Rusten i Kjørmyra i Heidal. Der har eg vore fleire gongar, og både samtale og tida eg har fått til å sjå og høyre på gamle opptak, avisutklipp og artiklar på deira private arkiv, har vore heilt avgjerande for at denne teksta har vorte noko av. Oddbjørg Rindhølen har hjelpt til med språkvask. Ein stor takk til alle!

Av skriftlege kjelder har «Møtebok for Heidal Spelemannslag», vist seg å vera meir enn berre eit turt budsjett- og referatskriv. I tillegg til å rapportere om verksemda til spelemannslaget heilt frå 1954 og fram til i dag, står det òg nedskrive ymse notisar og interessante opplysningar. To taler som Ingrid Løkken har skrive ned, er òg stifta inn i protokollboka, og alt dette har vore kunnskapsinnbringande. Elles lyt eg trekkje fram heftet «Heidal - Spelemannshistorie» av Semon Prestgard, «Hans Slettmo – samtid – nåtid – framtid» av Bjørner Holshagen, og «Elvesøg» av Ivar Kleiven. Eg har òg nytta bygdebøkene for Heidal, «I Heidalé». Andre kjelder eg har nytta finn ein i litteraturlista.

Litteraturliste

(1906, januar 20). *Lillehammer Tilskuer*.

Holshagen, B. (1994). *Hans Slettmo samtid nåtid framtid*. Heidal Spelemannslag.

Kjøk, K. (2011). *Slåtte og Leikje bind 2*. Forlag 1 .

Kleiven, I. (1907). *I gamle daagaa*. Aschehoug Forleg.

Kleiven, I. (1937). *Elvesøg*. Gudbrandsdal Boklag.

Kleiven, T. (2022). *Det let i kår ei ro*. Fagtrykk AS.

Mari Eggen, Sjur Sande, Roger Slåstuen, Rasmus Stauri. (2025). *Ekko frå fjellet*. Mukampen Spel- og Dansarlag.

Olstad, T. (1924). *Torger Oldstads notebok*. Sel .

Prestgard, S. (1990). *Heidal - spelemannshistorie* . Heidalsturist.

Rasmus Stauri, O. G. (2014). *Talik.no*. Hentet fra CustomPublish AS.

Teigen, A. (2012). Det va någå reint forsett te takt på dessa kroppé. I H. Historielag, / *Heidalé*. AIT Otta AS.